

KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møte: 06. september 2017 kl. 09.00 – 11.00
Stad: Formannskapssalen, kommunehuset
Tilstade: Rolf Henning Hegland (fung.leiar), Anne Kristin Tønning, Kåre Helge Østrem,
Kåre Mestad, Sissel Bjørke (frå sak 41/17)
Ordførar Astrid Aarhus Byrknes
Forfall: Peder Jøsendal, Rebecca Duesund Fjeldsbø
Innkalla: Økonomisjef Janne Sund (til sak 41/17 og 42/17)
Frå revisjonen: Frode Løvlie

Sekretær: Øivind Olsnes

43/17 Budsjettplass for kontrollutvalet 2018

Kontrollutvalet kan kome med tilråding til kommunestyret når det gjeld budsjett for kontrollutvalet. Med bakgrunn i tidlegare års rekneskap og vurdering av neste års ressursbehov har kontrollutvalet sett opp følgjande framlegg:

	Budsjett 2016 Vedteke av kommunestyret 17.12.2015	Budsjett 2017 Vedteke av kommunestyret 15.12.2016	Budsjett 2018 Framlegg frå kontrollutvalet
Rekneskapsrevisjon	220 000	220 000	230 000
Forvaltningsrevisjon	500 000	500 000	500 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	130 000	135 000
Drift av kontrollutvalet	100 000	100 000	150 000
Totalt kontrollutvalet	950 000	950 000	1 015 000

Kostnader for dei avtalar som ligg føre med Deloitte AS og Nordhordland Utviklingsselskap IKS er lagt til grunn. Det er i framlegget teke omsyn til aktivitetar som er planlagt for året som kjem innan ordinær revisjon og forvaltningsrevisjon. Det vert rekna ein generell pris- og lønnsauke på 3,5 % i høve budsjett for 2017. Det vert føreslege ein ekstra auke i drift av kontrollutvalet grunna auke i reglement for møtegodtgjeringa.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert å leggja ved når formannskapet og kommunestyret handsamar budsjettet for 2018.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok eit budsjettframlegg for 2018 med ei total ramme for kontrollutvalet på kr 1 015 000.



Knarvik, 06.09.2017

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Rolf Henning Hegland'.

Rolf Henning Hegland, fungerande leiar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Øivind Olsnes'.

Øivind Olsnes, sekretær